



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

STEINSDALEN SKULE



9.-11. mars 2004



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

7 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingsgruppa) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsgruppa førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsgruppa skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

2 FAKTA OM SKULEN

Ved Steinsdalen skule i Kvam kommune er det 57 elevar. Av desse er det 27 elevar på mellomtrinnet.

Det er åtte tilsette i pedagogiske stillingar og tre i assistentstillingar. Til saman er det 5,04 årsverk ved skulen.

Steinsdalen skule er ein nærmiljøskule som har lett tilgang til naturområde. Skulen har engasjerte foreldre. Skulen har tilbod om lekselesingstid.

Det er SFO ved skulen.

Skulen er nedleggingstrua i samband med strukturendringar i kommunen.

3 VURDERINGSTEMA

Steinsdalen skule har bede om vurdering på følgjande tema:

Tilpassa opplæring for alle i aldersblanda grupper

Steinsdalen skule er fådelt med fådeltskulen sitt særpreg. Steinsdalen skule har vald ein undervisningsmodell med aldersblanding på mellomtrinnet. Dette har skulen gjort ut frå kvalitetsutvalet si innstilling og endringar i opplæringslova om klassesdelingsreglar.

Elevane på mellomtrinnet er organisert i tre grupper med aldersblanding. Gruppene har kvar sin kontaktlærer. Gruppene har arbeids- og lekseplanar.

Heile mellomtrinnet har også felles undervisningstid.

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsgruppa gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

Tilpassa opplæring for alle i aldersblanda grupper

| KRITERIUM | TEIKN PÅ GOD PRAKSIS |
|---|---|
| Skulen nyttar aldersblanding som ressurs. | <ul style="list-style-type: none">-elevane er trygge på kvarandre på tvers av aldersgrenser-elevane lærer fagleg av kvarandre-elevane trivst i gruppene-elevane tek omsyn til kvarandre-læringsmiljøet er inkluderande-elevgruppene har praktiske og teoretiske samarbeidsoppgåver |
| Elevane får tilpassa opplæring. | <ul style="list-style-type: none">-elevane har tilpassa arbeidsplanar-elevane arbeider med planane ut frå fagleg nivå-planane har tydelege læringsmål-læringsmåla er kjende både for elevar og foreldre-arbeidsmåtene er varierte-lærarane gjev rettleiing |
| Elevane når læringsmåla. | <ul style="list-style-type: none">-elevane får tilbakemelding på arbeid undervegs-elevane får sluttvurdering av eige arbeid-det er elevsamtalar/utviklingsamtalar-elevane har elevmapper eller annan dokumentasjon på læring-skulen evaluerer kartleggingsprøver/nasjonale prøver og kan setja inn tiltak |
| Elevar og foreldre har medverknad. | <ul style="list-style-type: none">-det er elevråd-det er klasse møte-elevane får vera med å drøfta arbeidsmåtar-elevane kan koma med innspel til innhald i arbeidsplanane-foreldra er kjende med organiseringa på skulen no-foreldre er kjende med arbeidsmåtene-foreldra får jamleg tilbakemelding på elevane sitt arbeid-foreldre får vera med å drøfta arbeidsmåtar |
| Elevane er organisert i basisgrupper med kontaktlærar. | <ul style="list-style-type: none">-kontaktlærar er rettleiar for si basisgruppe-spesialundervisning vert gjeven i basisgruppene-lærarane arbeider saman i team |
| Det fysiske læringsmiljøet er tilrettelagt for læringsmodellen. | <ul style="list-style-type: none">-undervisningsmateriell er lett tilgjengeleg for elevar og lærarar-romma er møblert tilpassa arbeidsmåten-eleven lærer å nytta skulen sitt materiell |



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

Tema for vurdering bestemmer kven som skal delta. Dette fokusområdet gjorde det naturleg å involvera:

- Interne:
 - elevar på mellomtrinnet
 - foreldre med elevar på mellomtrinnet
 - lærarar på mellomtrinnet
- Eksterne:
 - Turid Solberg Mykkeltvedt, Ragnhild Skjerveggen og Inger Selin Hansen frå vurderingsgruppa i Voss/Hardanger kompetanseregion

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsgruppa møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsgruppa på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsgruppa informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tidsbruk ved Steinsdalen skule:

| TID | TILTAK | ANSVAR |
|--------------------|--|--------------------------------|
| 7/1-04. | Skulen melder inn vurderingstema | Skulen |
| 5/2-04. | Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av fokusområde. Vurderingsgruppa får planar og anna relevant informasjon frå skulen. Skulen vert førelagt framlegg til tidsplan for vurderinga og framlegg til kriterium. | Begge partar |
| Veke 7. | Skulen drøftar framlegg til kriterium og melder eventuelle endringsframlegg attende til vurderingsgruppa. | Skulen |
| Veke 7. Veke 8. | Vurderingsgruppa lagar spørjeskjema for å skaffa seg kunnskapsgrunnlag – for foreldre, elevar og personalet. Skulen godkjenner, evt. endringsframlegg til skjema og administrerer utfylling av desse. Frist attende til vurderingsgruppa: 20/2-04. | Vurderingsgruppa Skulen |



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

| | | |
|---------------|--|--|
| Veke 9 og 10. | Oppsummering av spørjeskjema. Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema. | Vurderingsgruppa Vurderingsgruppa |
| Veke 9. | Tilrettelegging for tirsdag 9/3- 04. Vurderingsgruppa ønskjer samtale med tre grupper av elevar på mellomtrinnet, plukka frå klasselistene. Praktisk tilrettelegging. Observasjon mellomtrinnet. Praktisk tilrettelegging. Vurderingsgruppa ønskjer møte med foreldra på mellomtrinnet, tirsdag kl.20. Praktisk tilrettelegging og innkalling. . Tilrettelegging for onsdag 10/3-04. Vurderingsgruppa ønskjer samtale tilsette på mellomtrinnet. Praktisk tilrettelegging. Observasjon mellomtrinnet. Praktisk tilrettelegging. Tilrettelegging for torsdag 11/3 -04. Finna tid til fellesmøte mellom personalet og vurderingsgruppa for framlegging av førebels rapport. | Vurderingsgruppa Skulen Skulen Skulen Skulen Skulen Skulen |
| Veke 11. | Vurderingsveke. Tirsdag 9/3- 04. Vurderings kjem på skulen for meir informasjonsinnhenting. Møte med tre grupper elevar mellomtrinnet. Lunsj. Observasjon mellomtrinnet. Tirsdag 9/3 – 04 kl. 20.00: Foreldremøte. Onsdag 10/3 – 04. Samtale med tilsette mellomtrinnet. Observasjon mellomtrinnet. Torsdag 11/2 – 04.. <ul style="list-style-type: none">- analyse og oppsummering- vurdering- mellombels rapport vert lagt fram for personalet til drøfting | Vurderingsgruppa Vurderingsgruppa Vurderingsgruppa Vurderingsgruppa Vurderingsgruppa Vurderingsgruppa Vurderingsgruppa Vurderingsgruppa Vurderingsgruppa |
| Veke 12. | Endeleg rapport og vurderingsdokument vert sendt skulen og Kvam herad. | Vurderingsgruppa |
| Veke 13. | Skulen vert bedne om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget, og senda til vurderingsgruppa | Skulen |
| Vår 2004 | På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen. Rapport, spørjeskjema og observasjonsskjema vert lagt ut på regionen si nettside. | Kommunen/ regionen |



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen overleverte vurderarane ein flott perm med alle relevante dokument som vurderarane trengte i førehandsanalysen:

- presentasjon av skulen
- utdrag av verksemdsplanen 2003/2004
- årsmelding 2002/2003
- bakgrunn og utdrag frå prosessen som førte fram til noverande undervisningsmodell på mellomtrinnet
- døme på arbeidsplanar, vekeplanar, lekseplanar og periodeplanar

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsgruppa utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i L-97, NOU 16 og skulen sine planar.

Spørjeskjema

I førekant av skulebesøket sende vurderingsgruppa ut spørjeskjema til elevar, foreldre og det pedagogiske personalet ved skulen. Dette vart fylt ut av alle partar(100% deltaking), og returnert til vurderingsgruppa for oppsummering.

Oppsummering av spørjeskjema

Oppsummeringa viste kva område vurderingsgruppa måtte hente inn meir informasjon.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna henta inn enda meir informasjon om temaet, laga vurderingsgruppa samtaleguidar for dei tilsette og elevane. Vi laga også gruppediskusjonsoppgåver til foreldra, som vi nytte på foreldremøte.

Vurdering

Vurderingsgruppa føretok ei vurdering ved å spegla utsegnene frå elevar, foreldre og det pedagogiske personalet mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- Det pedagogiske personalet syner evne og vilje til fornying
- Engasjerte og aktive lærarar
- Elevane sitt fysiske miljø er godt tilrettelagt, jmf. Opplæringslova §9a
- Lærarane har betre tid til kvar enkelt elev etter den nye organiseringa
- Foreldre som er aktive og engasjerte i den nye organiseringa

Elles:

- Vurderingsgruppa sitt møte med Steinsdalen skule har vore positivt
- Me har møtt kjekke og imøtekommande elevar, både i intervjusituasjonar og på skuleområdet
- Me fekk god og ryddig informasjon på førehand
- Formøte var informativt
- Skulen har gode rutinar på skuledagen
- Me såg ikkje erting/krangling mellom elevane
- Elevane snakka vennleg med kvarandre
- Me høyrde ikkje ukvemsord

9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- Læringsmåla på arbeidsplanane må verte tydlegare
- Heimane må få jamleg tilbakemelding på elevane sitt arbeid
- Større variasjon i arbeidsmåtar
- Motivera fagleg sterke elevar til å velje utfordrande oppgåver
- Faste rutinar på elevsamtalen/utviklingssamtalen



UTDJUPNING AV STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

- **Det pedagogiske personalet syner evne og vilje til fornying**
 - Personalet har brukt menneskelege ressursar utover det ein kan forventa på ein organiseringsidé dei brenn for
 - Personalet har skaffa seg kunnskap om tilpassa opplæring i aldersblanda grupper

- **Engasjerte og aktive lærarar**
 - Lærarane er opptekne av kvar enkelt elev sin fagleg- og sosiale utvikling
 - Lærarane syner arbeidsglede for elevane og foreldregruppa

- **Elevane sitt fysiske miljø er godt tilrettelagt, jmf. Opplæringslova §9a**
 - Elevane hadde individuelle arbeidsplassar, plassar til samarbeid, lett tilgjengeleg materiell, elevhyller, lyttekrok, datakrok, lyse og trivelege arbeidsrom
 - Eige datarom og bibliotek

- **Lærarane har betre tid til kvar enkelt elev etter den nye organiseringa**
 - Utsegna frå foreldre, elevane og lærarane er eintydige på dette området

- **Foreldre som er aktive og engasjerte i den nye organiseringa**
 - Foreldremøtet 9/3-2004 gav oss tilbakemeldingar som underbygge påstanden



UTDJUPNING AV UTVIKLINGSOMRÅDA

- **Læringsmåla på arbeidsplanane må verte tydlegare**
 - Konkrete læringsmål er viktig for å gje ei tilpassa opplæring
 - Lærarane må synleggjere læringsmåla skriftleg, gjerne i dialog med elevane
 - Læringsmåla må vera kortfatta og forståelege for elevane
- **Heimane må få jamleg tilbakemelding på elevane sitt arbeid**
 - Foreldra er positive til å få arbeidsplanar og prøvar heim til underskrift
 - Når elevane ikkje har bøker med heim må foreldra informerast på andre måte enn tidlegare
- **Større variasjon i arbeidsmåtar**
 - Elevar tileignar seg kunnskap på ulike måtar. Dette må planane ta omsyn til
 - Elevane bør etter kvart få høve til å påverka arbeidsmåtar for læring
- **Motivera fagleg sterke elevar til å velje utfordrande oppgåver**
 - I samtale med lærar og elev syner det seg at få sterke elevar vel utfordrande oppgåver, jmf. grøn perm.
 - NOU 16 legg opp til at elevar kan arbeide med modular på ungdomssteget
- **Faste rutinar på elevsamtalen/utviklingsamtalen**
 - Skulen bør formalisera elevsamtalen på alle steg
 - Oppsummering av elevsamtalen bør leggast i elevmappa



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

10 VIDARE ARBEID ETTER MND – ÅR - SKULE

| Utviklingsområde | Idear | Dette er gjennomført etter 6 mnd | Tankar om vidare arbeid |
|---|---|----------------------------------|-------------------------|
| Læringsmåla på arbeidsplanane må verte tydelegare | Bryta med måla i L-97 til enkle læringsmål. Til dømes læra å skilja og/å, lære kva eit kvadrat er, jmf. A-plan for veke 11-12. | | |
| Heimane må få jamleg tilbakemelding på elevane sitt arbeid | Skulen bør halde fram med å sende heim arbeidsplanar og prøvar til underskriving. Informasjon til foreldra kan vere jamleg heimsending av elevmappene. Rutinar for kva som skal ligge i mappene bør innarbeidast. Elevmappene bør sendast heim rett før kvar ny periode. Referat frå foreldremøte må sendast heim. | | |
| Større variasjon i arbeidsmåtar | L-97 understrekar dei elevaktive arbeidsmåtene. Dette bør ein kunne finne att i arbeidsplanane og periodeplanane. | | |
| Motivera fagleg sterke elevar til å velje utfordrande oppgåver | Aktiv bruk av allereie utarbeidd materiell (jmfr. grønn perm). Synleggjere at det vil gjere overgangen til ungdomstrinnet lettare. | | |
| Faste rutinar på elevsamtalen/ utviklingssamtalen | Administrasjon må lage tidsplan for elevsamtalar. Skulen må lage ein felles mal for elevsamtalen. Elevane må få førebu samtalen. | | |

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Stad

dato

vurderingsgruppa i Hardanger/Voss vurderingsgruppa i Hardanger/Voss vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

PÅSTANDSSKJEMA TIL ALLE ELEVANE PÅ MELLOMTRINNET VED STEINSDALEN SKULE

| Nr. | Påstandar <i>Set kryss under 4 dersom du er heilt samd i påstanden, nedover mot 0, då er du heilt usamd i påstanden.</i> | 4 | 3 | 2 | 1 | 0 |
|-----|---|---|---|---|---|---|
| 1 | Eg trivst i gruppa mi. | | | | | |
| 2 | Eg lærer av dei andre elevane i gruppa. | | | | | |
| 3 | Eg kan læra dei andre elvane i gruppa noko. | | | | | |
| 4 | Vi har oppgåver i gruppa som vi må arbeida saman om. | | | | | |
| 5 | Eg har vener i dei to andre gruppene. | | | | | |
| 6 | Det er for mykje å gjera på arbeidsplanen min. | | | | | |
| 7 | På arbeidsplanen min står det kva som er viktig å læra. | | | | | |
| 8 | Dei vaksne heime får sjå arbeidsplanen min. | | | | | |
| 9 | Dei vaksne heime ser lekseplanen kvar veke | | | | | |
| 10 | Eg arbeider på fleire måtar når eg arbeider med planen. | | | | | |
| 11 | Det er viktig for meg å bli ferdig med alle oppgåvene. | | | | | |
| 12 | Eg får hjelp av læraren når eg treng det.. | | | | | |
| 13 | Læraren gjev tilbakemelding på arbeidet mitt. | | | | | |
| 14 | Eg har faste elevsamtalar med kontaktlæraren min. | | | | | |
| 15 | Eg har ei mappe der noko av arbeidet mitt er samla. | | | | | |
| 16 | Eg får vera med å bestemma korleis eg skal arbeida. | | | | | |
| 17 | Læraren og eg snakkar saman om kva eg skal arbeida med. | | | | | |
| 18 | Eg veit kvar eg skal finna det materiellet eg treng. | | | | | |
| 19 | Rommet vårt er fint møblert slik at eg får arbeidsro. | | | | | |
| 20 | Eg har lært korleis eg nyttar utstyret på skulen. | | | | | |



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

VEDLEGG 2

PÅSTANDSSKJEMA TIL ALLE FORELDRE PÅ MELLOMTRINNET VED STEINSDALEN SKULE

| Nr. | Påstandar. | 4 | 3 | 2 | 1 | 0 |
|-----|---|---|---|---|---|---|
| | <i>Set kryss under tala 4-heilt samd, nedover mot -0 heilt usamd.</i> | 4 | 3 | 2 | 1 | 0 |
| 1. | Eleven er trygg på skulen. | | | | | |
| 2. | Eleven trivst i gruppa si. | | | | | |
| 3. | Eleven får arbeidsoppgåver han/ho klarar. | | | | | |
| 4. | Eleven har arbeidsplanar/lekseplanar. | | | | | |
| 5. | Det er lett for foreldre å følgja med på arbeidsplanane/lekseplanane. | | | | | |
| 6. | Foreldra veit kva elevane skal læra i dei ulike periodane. | | | | | |
| 7. | Eleven får rettleiing på skulen. | | | | | |
| 8. | Eleven får tilbakemelding på skulearbeid. | | | | | |
| 9. | Skulen gjennomfører elevsamtalar. | | | | | |
| 10. | Elevane har elevmapper. | | | | | |
| 11. | Foreldra kjenner til innhaldet i elevmappene. | | | | | |
| 12. | Foreldra er kjende med korleis skulen er organisert no. | | | | | |
| 13. | Foreldra er kjende med arbeidsmåtane på skulen. | | | | | |
| 14. | Foreldra får jamnleg tilbakemelding på eleven sitt skulearbeid. | | | | | |
| 15. | Foreldra kjenner til at eleven har kontaktlærer. | | | | | |
| 16. | Foreldra har samtale med kontaktlærer. | | | | | |
| 17. | Lærarane samarbeider til beste for elevane. | | | | | |



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

VEDLEGG 3

PÅSTANDSSKJEMA TIL PEDAGOGISK PERSONALE STEINSDALEN SKULE.

| Nr. | Påstandar. <i>Set kryss under 4 dersom de er heilt samde i påstandden, glidande nedover mot 0 dersom de er heilt usamde.</i> | 4 | 3 | 2 | 1 | 0 |
|-----|---|---|---|---|---|---|
| 1. | Eg likar strukturen på arbeidsdagen. | | | | | |
| 2. | Det har vorte meir interessant å arbeida som lærar etter omorganiseringa. | | | | | |
| 3. | Eg kjenner meg trygg i lærarrolla. | | | | | |
| 4. | Me samarbeider om innhaldet i arbeidsplanane. | | | | | |
| 5. | Eg legg opp til meir varierte arbeidsmåtar enn før. | | | | | |
| 6. | Me drøftar pedagogiske tema i kollegiet. | | | | | |
| 7. | Arbeidsplanane er tilpassa den einsskildede elev. | | | | | |
| 8. | Elevane er meir opptekne av å gjera ferdig planen enn læring. | | | | | |
| 9. | Læringsmåla vert gjort tydelege for den einsskildede elev. | | | | | |
| 10. | Arbeidsplanane legg opp til varierte arbeidsformer. | | | | | |
| 11. | Omorganiseringa har ført til auka trivsel blant elevane. | | | | | |
| 12. | Eg har meir tid til rettleiing av den einsskildede elev. | | | | | |
| 13. | Elevane får vurdering etter avslutta arbeidsperiode. | | | | | |
| 14. | Eg diskuterer innhald og arbeidsmetode med elevane. | | | | | |
| 15. | Omorganiseringa har ført til mindre konflikter mellom elevane. | | | | | |
| 16. | Omorganiseringa har ført til meir arbeidspress for lærarane. | | | | | |
| 17. | Det er arbeidsro i klasseromma. | | | | | |
| 18. | Spesialundervisninga har tent på omorganiseringa. | | | | | |
| 19. | Styrkingstimar vert nytta meir fleksibelt. | | | | | |
| 20. | Omorganiseringa har ført til mindre skilje mellom spesialundervisning og "vanleg" undervisning. | | | | | |
| 21. | Eg gjennomfører elevsamtalar. | | | | | |
| 22. | Foreldre er godt kjende med dei nye arbeidsmåtane. | | | | | |
| 23. | Foreldre får jamnleg informasjon om arbeidet i gruppene. | | | | | |
| 24. | Foreldre vert tekne med på råd når det gjeld endringar/tilpassingar i organiseringa av skuledagen. | | | | | |
| 25. | Foreldre har innsyn i skuledagen. | | | | | |



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

VEDLEGG 4

Samtaleguide – elevar

1. Om aldersblanding som ressurs

- (a) Er de trygge saman med eldre eventuelt yngre medelevar?
- (b) Tek de omsyn til kvarandre i gruppa –tek de vare på dei som er yngre?
- (c) Er de gode vener med dei andre gruppene?
- (d) Kan de læra noko av dei andre i gruppa?
- (e) Kan de læra dei andre noko?
- (f) Gjer de oppgåver de må samarbeida om?

2. Om tilpassa opplæring

- (a) Meiner de at det er passeleg med arbeidsmengd på arbeidsplanane?
- (b) Er oppgåvene laga slik at de forstår dei?
- (c) Må de ha mykje hjelp for å gjera oppgåvene?
- (d) Kan de gjera oppgåvene på forskjellige måtar?
- (e) Er det viktig å bli ferdig med alle arbeidsoppgåvene på planen?
- (f) Står det på arbeidsplanane kva som er viktig å læra-læringsmåla?
- (g) Viser de arbeidsplanen og lekseplanen heime?

3. Om å nå læringsmål

- (a) Seier læraren noko om korleis de arbeider?
- (b) Korleis får de vurdering av arbeidet?
- (c) Korleis veit de at de har nådd dei måla som er sette?
- (d) Har de førebudde samtalar med læraren?
- (e) Kva ligg i elevmappene?

4. Om medverknad

- (a) Har de klassemøter og elevråd?
- (b) Får de vera med å bestemma kva slag måte de skal arbeida på?
- (c) Får de bestemma noko av innhaldet i arbeidsplanen?
- (d) Trur de at foreldra er med å bestemme noko med arbeidsplanane?

5. Om basisgrupper og team

ingen elevspørsmål

6. Om det fysiske læringsmiljøet

- (a) Får de arbeidsro?
- (b) Veit de kvar de finn det de treng for å løysa arbeidsoppgåvene?



VEDLEGG 5

Samtale / gruppeoppgåver foreldre

Foreldremøte 9/3-04, kl.20.00.

- Kvifor kan det vera vanskeleg for foreldre å følgja med på elevane sine arbeidsplanar/lekseplanar?
- Meiner de at det er viktig at foreldre/føresete lett kan følgja med på det elevane arbeider med.
- Kan de ut frå arbeidsplanar/lekseplanar sjå kva elevane skal læra?
- Eller kan de berre sjå kva dei skal gjera?

- Korleis får elevane tilbakemelding på arbeidet sitt?
- Kvifor er det viktig at elevane får positive eller negative tilbakemeldingar?
- Kva arbeid er det viktig at dei får tilbakemeldingar på?

- Korleis får foreldre tilbakemelding på skulearbeidet til elevane?
- Kunne de tenkt å få oftare tilbakemelding?
- Korleis kunne de tenkt dykk å få tilbakemelding?
- Korleis vert elevmappene brukt til å gje informasjon til foreldra?

Kva inntrykk har de som foreldre?

- Får elevane opplæring som er tilpassa deira nivå?

Er det viktigare for elevane å verta ferdig med arbeidsplanane/lekseplanane enn det å læra det som står der.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

VEDLEGG 6

Samtaleguide – personale

1. Aldersblanding som resurss

- a) Tek elevane omsyn til kvarandre i gruppa?
- b) Samarbeider elevane på tvers av alder?
- c) Viser elevane teikn på auka trivsel?
- d) Er det mindre konflikhtar no enn før?
- e) Lærer elevane av kvarandre?

2. Om tilpassa opplæring

- a) Kjenner foreldra borna sine arbeidsplanar?
- b) Har elevane med seg arbeidsplanen heim?
- c) Elevane har elevmapper? – Korleis er desse mappene?
- d) Nyttar elevane mange ulike arbeidsmåtar?
- e) Er læringsmåla tydeleg for elevane?
- f) Tek elevane ansvar for eiga læring?

3. Læringsmål

- a) Korleis får elevane vurdering av arbeidet undervegs?
- b) Korleis veit elevane at dei har nådd måla?
- c) Nyttar lærarane elevsamtalar?
- d) Korleis får dei svakaste elevane nok hjelp?

4. Medverknad

- a) Får elevane vera med å bestemma arbeidsmåtar for å nå læringsmåla?
- b) Får elevane vera med å bestemma innhaldet i arbeidsplanen?
- c) Kva innverknad har foreldra hatt på omorganiseringa?

5. Om basisgrupper

- a) Har foreldra innverknad på samansetjing av elevgruppene?
- b) Vert foreldra jevnleg informerte om borna sitt arbeid? – Korleis?